



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Planprogram Regional plan for klimaomstilling

Høringsutkast november 2016



Innhald

1.	Innleiing	2
1.1.	Bakgrunn	2
1.2.	Regional plan	3
1.2.1.	Regional plan i plan- og bygningslova.....	3
1.2.2.	Regional plan i statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane.	3
1.2.3.	Verknad av regional plan	4
2.	Mål med Regional plan for klimaomstilling.....	5
3.	Rammer for planarbeidet	5
3.1	Internasjonale føringar	5
3.2	Nasjonale føringar.....	6
3.3	Regionale føringar.....	7
3.4	Utfordringar knytt til tid.....	7
4.	Ein klimaplan for framtida	8
4.1	Struktur.....	8
4.2	Aktuelle tema.....	9
4.3	Plantema.....	10
4.2.1.	Energiforsyning og energibruk i bygg.....	10
4.2.2.	Areal og transport.....	11
4.2.3.	Næringsliv og teknologi.....	11
4.2.4.	Klimavenleg landbruk.....	11
4.2.5.	Klimatilpassing.....	13
4.2.6.	Forbruk	13
4.2.7.	Klimakunnskap og klimakommunikasjon	14
5.	Utgreiing og metode	14
6.	Prosess – Medverknad, organisering og framdrift.....	15
6.1	Medverknad og organisering	15
6.2.	Drøfting av rammene til planprogrammet i Planutvalet	16
6.3	Framdriftsplan	17
7.	Kjelder	17

1. Innleiing

Den tradisjonelle tilnærminga til klimaendringar har vore å satse på teknologiske tiltak for reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing. Med klimatilpassing meiner ein å komme opp med tiltak for å beskytte samfunnet og å utnytte mulegheiter som klimaendringar kan gje. FN sitt klimapanel har teke til orde for ei ny tenking kring dette, såkalla «klimaomstilling», som siktar til endring av dei grunnleggande eigenskapane til eit system (IPCC, 2012). For å klimaomstille samfunnet, er det naudsynt å setje inn omfattande tiltak som kan endre samfunnet på systemnivå, relativt raskt. Klimaomstilling referer til den heilskaplege samfunnsendringa som må til for at ein både skal kunne skape eit samfunn med lågare utslepp og vere førebudd på dei klimatiske endringane som kjem. Ein må ha eit grønt skifte i samfunnet, heilt frå internasjonalt nivå og ned på individnivå. Klimautfordringane er ei av dei største utfordringane som menneskeheita har stått ovanfor, og kan føre til store sosiale og økonomiske konsekvensar. Vi må difor handle raskt og på alle nivå i samfunnet. Dette er ei stor utfordring, men som vi kan gjere noko med. Sogn og Fjordane skal bidra med vår del, og vi ynskjer gjennom arbeidet med ein ny regional plan å definere korleis Sogn og Fjordane kan klimaomstille seg. Korleis kan eit «grønt skifte» skje i fylket vårt?

1.1. Bakgrunn

Vedtak i Fylkestinget under handsaming av regional planstrategi, sak 58/16:

7. Fylkestinget vedtek revidering/rullering av følgjande planar (i her nemnde periodar):

a. Regional transportplan (2016 – 2017)

b. Regional plan for klima og miljø (2016 – 2017)

c. Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2018 – 2019)

d. Regional plan for vassforvaltning (2016 – 2020)

Gjennom arbeidet med Regional planstrategi 2016-2020 blei klimaendringane løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket vårt framover.

Planstrategien hadde 9 overordna mål for fylket, og dei to siste (8 og 9) omhandla klimaendringane:

- ∞ Fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp, innan bygg og ferje/ båttransport og innkjøp.
- ∞ Fylket følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).

Planstrategien peikar på at strategien framover skal vere å sjå på korleis vi kan få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt og kva tiltak som kan verke på kort sikt. For å redusere sårbarheita for eit endra klima er det viktig å vurdere korleis ein kan få ei berekraftig senterstrukturplanlegging, både regionalt og lokalt. Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren. Klimatilpassing må inkluderast i planarbeid og vedlikehald, for å redusere eller

eliminere negative konsekvensar og kostnader ved m.a. heva havnivå, ekstremvær, ras og flaum.

Planstrategien poengterer at ein saman må definere kva som skal til for å få til ei klimaomstilling i fylket. Og det er dette vi ynskjer å oppnå med planarbeidet, slik at ein ny regional plan for klimaomstilling, med tilhøyrande handlingsprogram, gir oss svar på dette.

1.2. Regional plan

1.2.1. Regional plan i plan- og bygningslova

Arbeidet med ny regional plan for klimaomstilling vert gjort med utgangspunkt i plan- og bygningslova (2008), og vil difor dekke krav for prosess, medverknad og innhald. Kva regionale planar som skal utarbeidast skal fastsetjast i den regionale planstrategien. Til planane skal det utarbeidast handlingsprogram for gjennomføring (§ 8-1).

I planarbeidet legg vi opp til å skilje mellom ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram, jf. skjemaet under. Planprogrammet peikar på sju plantema som vert viktige for klimaarbeidet til fylket framover. Status, utviklingstrekk og utfordringar innan kvart plantema vil danne eit kunnskapsgrunnlag (kunnskapsdel) for utarbeiding av strategiar og mål for planperioden (plandel). Gjeldande handlingsprogram varer ut 2017, så det nye handlingsprogrammet vil bli utarbeida parallelt med utarbeiding av ny regional plan. Begge vil bli lagt ut på høyring og forventa vedteke i desember 2017.

- Kunnskapsdel	Status, utviklingstrekk og utfordringar
- Plandel	Strategiar og mål for planperioden
- Handlingsprogram	Innehalde prioriterte tiltak

Sidan planen ikkje inneheld retningsliner for utbygging, er det ikkje krav om konsekvensutgreiing (KU) (Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova). Regionale planar skal vere langsiktige og fleksible. Dei konkrete verknadene av planen skal mellom anna gjere seg gjeldande gjennom handlingsprogrammet som skal reviderast årleg. Det vil bli fremja framlegg om å rullere handlingsprogrammet til planen kvart anna år, slik som praksisen har vore tidlegare. Årleg rullering av handlingsprogrammet vil bli gjennomført dersom det blir fremja ynskje om dette, dersom det skulle dukke opp ny kunnskap, auka midlar til tiltak eller liknande.

1.2.2. Regional plan i statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane.

I samsvar med statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging (2009), skal fylkeskommunen gjennom planlegging stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auke miljøvennleg energiomlegging, jf. St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk. Gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø byggjer på Kyoto-protokollen. Etter vedtak av planen har Noreg forplikta seg til

ein ny og omfattande klimaavtale, Paris-avtalen (FN 2015). Det har skjedd mykje på kort tid innan klimafeltet, og det vert naturleg å oppdatere den fylkeskommunale planen for korleis Sogn og Fjordane skal bidra kring dei nye utsleppsmåla, og korleis ein i vidare planlegging skal tilpasse seg framtidig klima og utfordringane som følgjer med.

Fylkeskommunen står fritt til å velje tema i planen, men planretningslinja gir føringar for kva som bør vere med i ein klima- og energiplan. Det er fylgjande tema:

- ∞ Informasjon om klimagassutslepp i kommunen fordelt på kjelde/sektorar
- ∞ Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen sine grenser, med tanke på tilgang på miljøvennlege energiresursar
- ∞ Framskriving av utsleppa i kommunen om det ikkje vert gjennomført tiltak, forventa etterspurnad av energi og forventa ny energiproduksjon
- ∞ Ambisiøse mål for utsleppsreduksjon
- ∞ Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommunal bygningsmasse og resten av kommunen
- ∞ Tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging
- ∞ Utgreiing av verkemiddel som kan nyttast for å nå målsetjingane
- ∞ Handlingsprogram med ei tydeleg ansvarsfordeling for oppfylging av klima- og energiplanen

1.2.3. Verknad av regional plan

Regional plan for klimaomstilling skal formulere mål, strategiar og retningslinjer knytte til ulike klimarealterte tema i fylket. Ved gyldig planvedtak pliktar fylkeskommunen å fylgje opp og å gjennomføre planen og følgje opp gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak. Planen skal leggast til grunn for statlege prosessar og kommunal planlegging. Regional plan for klimaomstilling skal spegle dei politiske prioriteringane gjort av fylkeskommunen, og gi retning og relevant informasjon og struktur for kommunale klimaplanar.

§ 8-2. *Virkning av regional plan*

Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.

Kjelde: Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane.

2. Mål med Regional plan for klimaomstilling

Målsetjingane i klimaplanen skal formast ut frå:

- ∞ Nye nasjonal- og regionalpolitiske føringar
- ∞ Ny kunnskap (forskning og utviklingsarbeid) og klimaframskrivingar
- ∞ Erfaringar gjort frå arbeidet med å følgje opp eksisterande plan og handlingsprogram
- ∞ Utviklinga av klimagassutslepp og klimatilpassing

Gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø (2009) har to overordna mål, eit for kvart hovudtema:

Utsleppsreduksjon: «Sogn og Fjordane fylke skal ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030».

Klimatilpassing: «Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje bygge ny sårbarheit inn i samfunnet».

Overordna mål for planarbeidet:

Saman definere kva som skal til for å få til ei klimaomstilling i fylket, og korleis vi best bur oss på dei klimatiske endringane som kan komme.

Klimautfordringane er ein av dei største utfordringane verda har stått ovanfor, og ein regional plan for klimaomstilling vil ikkje kunne gjere nok i global samanheng. Men ein regional plan vil kunne seie noko om korleis Sogn og Fjordane skal møte utfordringane ein står ovanfor. Det vert viktig å setje seg langsiktige og kortsiktige mål, måla må ta utfordringane på alvor, samtidig som dei er realistiske og ambisiøse. Samsvar mellom mål og verkemiddel vert avgjerande for at planen skal verte eit nyttig verktøy. For å styrke samanhengen mellom overordna mål og handlingar i handlingsprogrammet, vil det verte utarbeida delmål og strategiar for kvart plantema.

3. Rammer for planarbeidet

Gjennom internasjonale avtalar er det fastsett globale mål for klimagassutslepp. Desse avtalane dannar grunnlaget for både nasjonalt, regionalt og kommunalt arbeid med å redusere klimagassutsleppa og klimatilpassing.

3.1 Internasjonale føringar

Den 12. desember 2015 signerte 195 land ein global klimaavtale i Paris, som erstattar Kyoto-avtalen som vart vedteke i 1997 (gjeldande frå 2005). Paris-avtalen forpliktar partane til å redusere utsleppa sine av klimagassar, og rapportere jamleg på framdrifta. Det overordna målet med avtalen er å avgrense den globale oppvarminga til «godt under 2 grader», samanlikna med nivået i før-industriell tid. I tillegg skal landa arbeide for å avgrense temperaturstiginga til

1,5 grader. Avtalen har eit mål om at dei globale utsleppa skal nå toppen så raskt som mogeleg, før mengda utslepp i atmosfæren skal reduserast jamt. I andre del av hundreåret (2050-2100) skal verda vere klimanøytral (netto-nullutslepp).

Paris-avtalen signaliserer eit taktskifte i klimaarbeidet, og er eit tydeleg signal til politikarar, næringsliv og investorar om at det grønne skiftet har starta. Fossil energi må bli fasa ut, og fornybar skal overta. I arbeid med ny regional plan for klima må ein ta innover seg den endringa som er i ferd med å skje, og ta stilling til kva fylket ynskjer å gjere med dette. Skal Noreg, og Sogn og Fjordane vere ein importør eller eksportør av desse nye grønne løysingane? Sogn og Fjordane må posisjonere seg som eit føregangfylket i det grønne skiftet, å nytte seg av, og vidareutvikle, eksisterande ressursar og styrker som ligg i fylket.

3.2 Nasjonale føringar

For å følgje opp Paris-avtalen har Noreg forplikta seg til å melde inn utsleppsmål, som skal fornyast kvar 5. år. Utsleppsmåla skal bli meir ambisiøse for kvar gong. Noreg skal saman med EU redusere utsleppa sine med 40 % frå ikkje-kvotepliktig sektor innan 2030 (transport, bygg, avfall og landbruk).

Nasjonale mål innan klima er mellom anna (Kjelde: www.miljostatus.no):

- ∞ Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050.
- ∞ Noreg skal vere karbonnøytrale i 2050.
- ∞ Noreg vil på vilkår ta på seg ei forplikting om minst 40 % utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.
- ∞ Noreg skal fram til 2020 kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 % av Noreg sine utslepp i 1990.
- ∞ Samfunnet skal vere budd på og tilpassa kommande klimaendringar.

Bærekraft skal vere eit grunnleggande prinsipp i all utvikling i Noreg, også innan klimafeltet. Politikk for bærekraftig utvikling byggjer på hovudprinsippa som rettferdig fordeling, internasjonal solidaritet, føre var-prinsippet, prinsippet om at forureinar betalar og prinsippet om felles innsats.

Noreg sin klimapolitikk er forankra i Stortinget gjennom to klimaforlik, i 2008 og 2012. Klimaforliket er det folkelege namnet på Stortinget sin Energi- og miljøkomité si innstilling ved handsaminga av klimameldinga (Meld. St. 21 (2011-2012)).

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt i juni 2015 er svært tydelege på klimaomsyn, mellom anna innanfor arealbruk og transport. Hovudbodskapen er at all samfunnsplanlegging skal legge til rette for lågare utslepp, og samstundes vere tilpassa klimaendringar no og i framtida. Det må leggest til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, samt innovasjon og vekst i nye og grønne næringar.


Som tidlegare nemnt byggjer planarbeidet på statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009) og plan- og bygningslova (2008), (nemnt i kap. 1.2.1 og 1.2.2).

3.3 Regionale føringar

Gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø blei vedtatt av fylkestinget i mars 2009. Gjeldande handlingprogram (2016-2017) blei vedtatt i desember 2015. Arbeidet med Regional plan for klimaomstilling vil gå parallelt med planarbeidet knytt til Regional transportplan og Strategisk plan for kysten. Disse tre planane vil ha noko overlappende tematikk, så det blir viktig å samordne desse.



3.4 Utfordringar knytt til tid



Nivået på norske og globale, klimagassutslepp er langt frå å utvikle seg i den retninga som FN sitt klimapanel seier er naudsynt for å nå 2 gradersmålet, og enno lenger frå 1,5 gradersmålet. FN sitt klimapanel har slått fast at ein må redusere utsleppa med 40-70% innan 2050, og at netto utslepp må ned til null innan 2100 (IPCC, 2014). Målet om å redusere klimagassutsleppa våre med 40 % innan 2030 (samanlikna med 1990) er difor kun eit mellombels mål. Det endelege målet er globalt og nasjonalt nullutslepp. Noreg, og resten av verda har ein lang veg å gå, både for å redusere klimagassutslepp, men også for å gjennomføre naudsynte tiltak for å førebu og tilpasse

samfunnet til dei forventade klimaendringane. Sjølv om ein når 2-gradersmålet vil ein måtte tilpasse seg store og delvis ukjente konsekvensar av klimaendringane. Sogn og Fjordane må saman med resten av verda førebu seg på å gjere radikale omstillingar for å unngå uakseptable klimaproblem.

Figuren viser karbonnedteljing, for å illustrere kor lang tid ein har att før ein må «skru av kranen» på klimagassutslepp ved dei ulike globale temperaturmåla. Dei ulike fargenyansane indikerer sannsynet for at ein når målet frå 33-66 % sikkerheit. Legg ein til grunn 66 % sikkerheit for at ein når 2-gradersmålet, vil

ein ha 20,9 år før utsleppa må vere netto null. Dersom ein ser på 1,5-gradersmålet vil tidsrommet endre seg dramatisk. Skal vi nå 1,5-gradersmålet har vi kun 6 år på oss, noko som indikerer eit dramatisk auka ambisjonsnivå.

For å sitere Roche Lynx, ein kanadisk student ved RCN United World Collage i Flekke:

«We have been told throughout our lives that we have to do something about the challenges related to climate "now", and then after a few years we hear that we have to do something "now". Wake up people, "now" is NOW! We have to do something now, because soon it will be too late».

4. Ein klimaplan for framtida

Alle tema i planprogrammet skal inkludere tilstrekkeleg informasjon i kunnskapsgrunnlaget til at vi skal kunne forme ein framtidsretta og ambisiøs regional klimaplan. Tal tema, og hovudgrupperingar vil bli arbeida med i planprosessane, noko som kan medføre nokre endringar. Dette for at planforslaget som vert lagt ut på høyring skal bli best mogeleg, og kunne gi både faglege og politiske retningslinjer i arbeidet kring klima og miljø framover. Det vert viktig å setje seg kortsiktige mål, men også ha visjonar og mål for eit lengre tidsperspektiv, som mellom anna fram mot 2030 og 2050.

4.1 Struktur

«Klimaomstilling» er noko nytt, det er ein ny måte å gjere ting på. Gjeldande fylkesdelplan har mange gode kvalitetar, og omfattar mange viktige tema. Desse skal vi ta med oss vidare, samtidig som vi spissar planen ved å ta nokre nødvendige avgrensingar. Ein ny regional plan må framleis ta opp i seg både utsleppsreduksjon og klimatilpassing, men klimaomstilling er enno noko meir. Vi må omstille samfunnet til å tenke nytt i måten vi lever liva våre, dette vil vere ei samfunnsendring. Ei samfunnsendring som det også treng å bli fokusert på i ein regional plan.



4.2 Aktuelle tema

I kunnskapsgrunnlaget for Regional planstrategi (RPS) peikar ein på at hovudutfordringane i fylket vårt er knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima. For å redusere utslepp peikar RPS også på at fylket skal delta i bygging av verdikjedar som gjev netto nullutslepp, innan bygg, ferje/båttransport og innkjøp. I tillegg til tekstlege føringar i planstrategien, vil vi i planarbeidet ta med oss alle innspela frå høyringsrunden som er relevante for planen.

På landsbasis ser vi at ein stor del av dei totale utsleppa kjem frå m.a. industri, olje- og gassutvinning og luftfart, som er underlagt kvotesystemet. Dei resterande utsleppa kjem frå sektorar som kommunar og fylkeskommunar i større grad kan påverke, som bygg, arealbruk, transport, jordbruk og avfall. Frå fylkeskommunen si eiga verksemd finn vi dei største utsleppa innanfor kollektivtransport, drift og vedlikehald av fylkesvegar, fylkeskommunale innkjøp og eiga bygningsmasse.

I kunnskapsgrunnlaget for RPS er det vist til at det er transport, industri og landbruk som har størst utslepp av CO₂. Planen må likevel ha fokus på alle deler av samfunnet, samtidig som vi må gjere nokre avgrensingar for kva vi faktisk kan gjere noko med. Med utgangspunkt i, mellom anna, gjeldande plan sine tema vil aktuelle sektorar og område for arbeidet kunne vere:

- Industri
- Transport (inkluderer både vare-, kollektiv- og privattransport)
- Grøn næringsutvikling
- Reiseliv

- Landbruk
- Fylkeskommunal verksemd
- Fiskeri og oppdrett
- Energiproduksjon (vasskraft, hydrogen o.l.)
- Landskap (biologisk mangfald, leveområde og klimatilpassing)
- Infrastruktur
- Avfall og forbruk (hushald, og større einingar)
- Klimakommunikasjon (samarbeid, haldningsskapande arbeid, kommunikasjon, informasjonsarbeid).

4.3 Plantema

Utvalde tema skissert i kapitla under, er tenkt å romme dei viktigaste områda som fylkeskommunen bør arbeide med i planperioden for å få til eit grønt skifte i fylket. Desse tema er førebelse, då innspel frå høyringsrunden vil avgjere kva som blir dei gjeldane tema i endeleg planprogram. Generelle føringar for alle plantema i planprogrammet er at dei skal danne eit tilstrekkeleg fagleg og politisk kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av planen. Intensjonen er at tema som blir inkludert i vedtatt planprogram skal handtere både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og klimaomstilling.

4.2.1. Energiforsyning og energibruk i bygg

Utfordring: Korleis bidra til overgangen frå fossil til fornybar energibruk, og energieffektivisere både i bruk og produksjon?

Kva:

- ∞ Gjere greie for eksisterande energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan fylket.
- ∞ Gjere greie for korleis grøn energiproduksjon kan bidra til overgangen frå fossil til fornybar energi, og kva behov og mogelegheiter vi har for dette i fylket.
- ∞ Gjere greie for status, prosjekt og planer innan klimavenleg og fornybar energiproduksjon (vasskraft, vindmøtte, bølge eller tidevatn m.m.)
- ∞ Gjere greie for energibruken i fylket, både innan industri, transport og privatbustad.

Korleis:

- ∞ Analysere mogelegte løysingar til meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i fylket.
- ∞ Analysere svakheiter ved eksisterande energiforsyning når det gjeld klimaendringar.
- ∞ Analysere behovet for tilgang til fossilfri energi i fylket, på vegen mot eit nullutsleppssamfunn.
- ∞ Analysere potensialet for å auke produksjonen av alle typar fornybar energi i fylket.

4.2.2. Areal og transport

Utfordring: Å legge til rette for ei areal- og transportplanlegging som både bidreg til å redusere klimagassutsleppa frå fylket, men også gjer oss godt nok budd på dagens og framtids klimautfordringar.

Kva:

- Gjere greie for dagens situasjon, organisering og utfordringar når det gjeld areal- og transportplanlegginga i fylket.
- Gjere greie for gjeldande statlege og regionale retningslinjer for planlegginga framover.

Korleis:

- Analysere moglege alternativ til korleis ein planlegg arealbruken og transportsystema i fylket der vi tek vare på fylket sine kvalitetar, eigenart og potensiale.
- Analysere og framskrive behovet for ulike arealplanlegging og tilhøyrande transportbehov.
- Analysere areal- og transportbehovet knytt til bygging av verdikjedar for eit samfunn med netto nullutslepp.
- Analysere behovet for tilrettelegging i fylket, kring fossilfri transport (hurtigladdestasjonar, fyllestasjonar for hydrogen).
- Analysere behovet for tiltak for å nå målet om fossilfri kollektivtrafikk innan 2030.

4.2.3. Næringsliv og teknologi

Utfordring: Å styrke og omstille det lokale næringslivet, så det grønne skiftet fører til vekst for verksemdene og innbyggjarane i fylket.

Kva:

- Gjere greie for næringsstrukturane i fylket. (Kva type næringar har vi? Kva type grønne verksemdar er allereie etablert, og kva er andelen «fossile» næringar?)
- Gjere greie for status, prosjekt som er sett i gang og relevant utvikling kring utbygging av ny teknologi i fylket, og næringspotensialet dette har.
- Gjere greie for næringslivet si rolle i det grønne skiftet for fylket, inkludert reiselivsnæringane.

Korleis:

- Analysere og framskrive utviklingstrekk for området, med vekt på klima- og miljøutfordringane.
- Analysere moglegheitene og potensialet i det grønne skiftet knytt til entreprenørskap og innovasjon.

4.2.4. Klimavenleg landbruk

Utfordring: Legge til rette for at bøndene i fylket kan drive på ein meir klimavenleg måte, samt å tilpasse seg framtida sine klimautfordringar.

Utsleppsreduksjon frå landbruket i fylket skal ikkje vere på grunn av nedlegging av gardar. Bøndene er viktig for matforsyninga i landet.

Kva:

- Gjere greie for aktiviteten kring temaet i fylket.
- Gjere greie for kva strategiar og planer landbruksorganisasjonane sjølve har lagt for klimaomstilling av landbruket.
- Gjere greie for gjeldande føringar knytt til temaet.
- Gjere greie for styrkene og utfordringane landbruket har i fylket vårt.

Korleis:

- ∞ Analysere korleis landbruket kan redusere klimagassutsleppa sine, samt bidra til auka opptak og binding av CO₂
- ∞ Analysere korleis landbruket kan meistre produksjon under eit endra klima ved å klimatilpasse seg?
- ∞ Analysere tiltaka som vil ha størst potensiale for utsleppsreduksjon og berekraftig jordbruk for framtida.
- ∞ Analysere kva utsleppsnivå vi kan tolerere/leve med, for å ha matproduksjon i fylket vårt som vil kunne brødfø innbyggjarane dersom noko uventa skulle skje. Dette kan vere klimatiske endringar som påverkar matvarene som vi importerer, så vi ikkje får tilgang til dei lenger.

4.2.5. Klimatilpassing

Utfordring: Korleis kan ein regional plan for klimaomstilling støtte kommunane i arbeidet dei er pålagt å gjere kring klimatilpassing. Det ligg store utfordringar knytt til kor gode kommunane er til å handtere desse oppgåvene, både knytt til manglande kompetanse, kapasitet og økonomiske ressursar.

Kva:

- Gjere greie for kva klimatiske endringar vi kan forvente i fylket i siste del av dette hundreåret, ved å nytte seg av eksisterande klimaframskrivingar frå Norsk Klimaservicesenter.
- Gjere greie for sårbare område i fylket, innan ulike samfunnsområder.
- Gjere greie for korleis samfunnstryggleiken er påverka av dagens klima.

Korleis:

- Analysere kva konsekvensar klimaendringane kan få for kritisk infrastruktur, bygningar, anlegg for energiforsyning osv.
- Analysere konsekvensane for samfunnstryggleiken med klimaframskrivingane.
- Analysere forbetringa god klimatilpassing vil kunne ha på samfunnstryggleik og kritisk infrastruktur.

4.2.6. Forbruk

Utfordring: Korleis endre forbruksmønsteret til innbyggjarane i fylket, som reduserer klimagassutsleppa og bidreg til ei klimaomstilling i samfunnet? Auka velstand og forbruk har nær samanheng med utviklinga av klimagassutsleppa i Noreg, så for å redusere klimagassutsleppa våre må vi også sjå på korleis vi som forbrukarar handlar. Kva varer kjøper vi, korleis brukar vi vara, og kor mykje og ofte kastar vi? Altså både innkjøp, forbruk og avfall.

Kva:

- ∞ Gjere greie for forbruket i fylket, og tilhøyrande globale fotavtrykk.
- ∞ Gjere greie for forventa endringar i gjeldande regelverk, knytt til grønne innkjøp og grøn finansforvaltning.
- ∞ Gjere greie for avfallshandteringa i dei ulike delane av fylket.

Korleis:

- ∞ Analysere potensialet for å implementere strengar krav til innkjøp for å stimulere ein grønare vareproduksjon og distribusjon.
- ∞ Analysere potensialet for å implementere sirkulær økonomi som arbeidsprinsipp for å energieffektivisere fylket.
- ∞ Analysere potensialet og konsekvensane for grøn finansforvaltning i fylket.

4.2.7. Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Utfordring: Korleis på best mogeleg vis, bidra, og legge til rette for utdanning av ein ny nullutsleppsgenerasjon, samstundes som ein aukar kunnskapen i den vaksne generasjonen?

Kva:

- ∞ Gjere greie for eksisterande studieprogram og klimarelaterte undervisingstilbod som eksisterer i fylket.
- ∞ Gjere greie for kunnskapsnivået blant dagens lærarar når det gjeld klima og miljø.
- ∞ Gjere greier for korleis fylkeskommunen kommuniserer ut til innbyggjarane, på klimarelatert arbeid og saker.
- ∞ Gjere greie for fylkeskommunen sin klimaprofil ut mot innbyggjarane i dag.

Korleis:

- ∞ Analysere korleis ein på best mogeleg skal bidra til at den oppveksande generasjon sit på den kunnskapen som skal til for å leve i eit nullutsleppssamfunn.
- ∞ Analysere potensialet for samfunnsending ved god klimakommunikasjon.
- ∞ Analysere forbettringspotensialet i ein meir tydeleg klimaprofil frå politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen.
- ∞ Analysere potensialet for eit breitt nettverkssamarbeid kring temaet, av liknande modell som «Klimapartner Hordaland».

5. Utgreiing og metode

Utgreiingane skal vere basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag frå arbeidet med Regional planstrategi, SSB, forskingsinstitusjonar, klimaframskrivingar og andre tilgjengelege offentlege rapportar og dokument. Det vert i tillegg viktig å involvere kommunar, regional stat, organisasjonar og næringslivet, for å utforme godt nok kunnskapsgrunnlag knytt til ulike tema. Det vil truleg vere behov for å kjøpe utgreiingar knytt til kunnskapsgrunnlaget og analysar knytt til status for fylket ved oppstart av planen. Sjølve høyringa av planprogrammet kan også avklare behovet for større datagrunnlag, utgreiingar eller spesifikke analysar.

6. Prosess – Medverknad, organisering og framdrift

Planarbeidet skal skje i tråd med reglane i Plan og bygningslova for regionale planar, jamfør §§ 8-1 til 8-4.

6.1 Medverknad og organisering

Som del av medverknad vil vi i høyringsperioden invitere kommunane og andre aktørar til å utforme eigne problemstillingar og spørsmål som dei meiner er viktig å drøfte innanfor einskilde tema. Vi meiner også at det i arbeidet med planprogrammet vert viktig å avgrense tal tema for å målrette prosessen mest mogeleg. Vi må difor ha ein prosess der ein ser på dei ulike tema, og velje kva tema ein skal ha hovudfokus på. I dette arbeidet vil vi evaluere gjeldande plan og handlingsprogram for å ta med oss det viktigaste.

Lag og organisasjonar som fylkeskommunen har samarbeidsavtalar med, vil bli invitert til komme med innspel og tilbakemeldingar knytt til arbeidet, noko som er ein del av vilkåra i avtalane. Det er ynskjeleg med ulik vinkling på utfordringane knytt til klima og miljø-arbeidet i fylkeskommunen, og vi vonar vi kan samle dei ulike aktørane i arbeidet med utarbeiding av endeleg planprogram. I tillegg vil fylkeskommunen ha eit særleg ansvar for å engasjere ungdom i arbeidet, og vil legge til rette for dette undervegs i prosessen. Ungdommen er framtidens nullutsleppsmenneske, og vil vere dei som vil oppleve dei største konsekvensane av klimaendringane. Det vil difor vere naturleg å inkludere dei i arbeidet med ein plan som omhandlar deira framtid.

Som det går fram av framdriftsplanen er det føreslått 2 høyringar, ein av planprogrammet og ein for sjølve planen, med tilhøyrande handlingsprogram. Høyringsperiodane vil verte viktige for å få gode og grundige uttalar frå dei involverte partane. Det vil bli fokusert på formidling undervegs i prosessen, gjennom publisering av informasjon og dokument på www.sfj.no under [Planarbeid – Klima og Miljø](#)

Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein regional plan for klimaomstilling, er om vi klarar å forankre planarbeidet internt i fylkeskommunen, fylkeskommunale planer og ute i kommunane. Det er viktig å ha god forståing og forankring hjå andre regionale aktørar, sentrale delar av næringslivet og viktige organisasjonar. I tillegg må det setjast av tid og ressursar til å hente inn kunnskap der ein ser at dette manglar.

Det er allereie blitt gjennomført møter med dei regionale klimagruppene, både den interne i fylkeskommunen, men også styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid (Fylkesmannen, KS og fylkeskommunen), der klimakoordinatoreren har presentert arbeidet så langt og bedt om innspel til høyringsdokumentet.

Formell politisk styringsgruppe:	Fylkesutvalet.
Politisk drøftingsgruppe:	Planutvalet
Prosjektansvarleg:	Fylkesrådmannen
Prosess/prosjektleder:	Plansjef v/klimakoordinator
Arena for intern forankring:	Fylkesrådmannen si leiargruppe

For å drive arbeidet fram foreslår vi at det vert teke utgangspunkt i eksisterande klimagrupper:

Administrativ styringsgruppe: Den regionale styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid, der KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen deltek. Her vil det vere mogeleg å utvide gruppa, avhengig av kva som vert endeleg gruppering av tema.

Intern arbeidsgruppe: Den tverrfaglege klimagruppa i fylkeskommunen. Det er viktig at denne gruppa får naudsynt mandat og tidsressursar til å planlegge og gjennomføre prosessane. I tillegg er det ynskjeleg at plankoordinator i planstaben deltek, for at koordineringa av arbeidet vert styrka.

Referanse/temagrupper: Temagruppene vert definert når endelege tema er avklart i vedteke planprogram. For å ha gode kontaktpunkt mellom dei ulike gruppene, vil medlem av den interne arbeidsgruppa også vere involvert i temagruppene, gjerne i form av ein leiar.

Vi føreset at dei einskilde kommunane som deltek etablerer eigne interne informasjons- og forankringsprosessar for å støtte opp under fellesprosessen.

6.2. Drøfting av rammene til planprogrammet i Planutvalet

22. juni 2016 blei det presentert eit arbeidsdokument til Planutvalet om arbeidet med ein ny regional klimaplan (Sak 2/16). Planprogrammet byggjer på informasjonen presentert i Arbeidsdokument 2/16 – Regional plan for klima og miljø, i tillegg til dei endelege endringsframlegga:

- 1. Forslag frå M DG pkt. 4 : Planutvalet ber administrasjonen om å gjennomgå og systematisere begrepsbruken om klima og miljø i heile dokumentet*
- 2. Framlegg frå Ap om tilleggssetning til slutt i pkt. 5 : «Planen skal vidare sjå på førebyggjande og klimaomstillande tiltak når det gjeld naturfare og naturhendingar i samband med eit klima i endring».*

I arbeidet med utarbeiding av planprogram og planutkast nyttar vi oss av omgrepa presisert i kapittelet om definisjonar (7.2) frå kunnskapsgrunnlaget til Regional Planstrategi. I høve framlegget frå Ap vil dette bli handsama i kapittel 3.2.5 Klimatilpassing.

6.3 Framdriftsplan

Arbeid	Vår- somm 2016	Aug - okt. 2016	Nov-des. 2016	jan.16	Vår 2017	Haust 2017	des.17
Drøfte rammene for planprogrammet							
Møter og utforming av planprogram							
Planprogram ut på høyring			FU: 02.11.2016				
Vedtak planprogram				FU			
Utforming av plan og handlingsprogram							
Høyring av plan med handlingsprogram						FU: 15.08- 10.10.2017	
Vedtak plan m/handlingsprogram							FU

7. Kjelder

Rapportar og litteratur:

IPCC (2012): *Managing the Risks of Extreme Events and Disasters to Advance Climate Change Adaptation Special Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change*. Cambridge: Cambridge University Press.

IPCC 2014. *Climate change 2014. Synthesis report*. (Eds)R. Pachauri, Meyer. et al. Cambridge University Press, Cambridge, UK and New York, USA.

Nettsider:

www.miljostatus.no

Lover, forskrifter og retningslinjer:

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslov

Stortingsmeldingar:

St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk

Meld. St. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk

Avtalar:

Paris Agreement, United Nations Framework Convention on Climate Change, Paris 2015

Regionale planar:

Fylkesdelplan for klima og miljø, 2009.

Handlingsprogram for klima og miljø, 2015.

Regional Planstrategi, 2016



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto på framsida:

- Foto 1 Syklist: Knut Opeide/Statens vegvesen
- Foto 2 Elbil: Knut Opeide/Statens vegvesen
- Foto 3 Elferje: Statens vegvesen
- Foto 4 Kyr: Kai Rune Storhagen
- Foto 5 Steinras: Statens vegvesen
- Foto 6 Elbuss: Alasdair McLellan